



Fau Grasdal Skule
c/o Grasdal skule Ådlandsvegen 323
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1533 - 18/12623

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
11.06.2018

Administrativt vedtak om skilt 142 Barn med underskilt 1050 SKULE - KV 1109 Ådlandsvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 130/2018

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Meland kommune har fått melding frå FAU Grasdal skule om trafikksituasjonen ved skulen. Etter synfaring med FAU vart det foreslått å settje opp fareskilt som viser at KV 1109 Ådlandsvegen er ein skuleveg.

Vurdering

KV 1109 Ådlandsvegen er skuleveg for elevar ved Grasdal skule. For dei elevane som nyttar skulebuss er det ca 250 m å gå frå busstoppet ved FV 245 til skulen. Vegen frå busstoppet til skulen har ein høg andel trafikk når elevane byrjar og sluttar på skulen ettersom vegen både er tilkomst for Marthahaugen barnehage og Grasdal skule.

For å gjere dei som køyrar bil merksam på at vegen er ein skuleveg er det hensiktmessig å sette opp eit fareskilt. Fareskiltet skal vise at det ofte ferdast barn langs vegen, samt at vegen er skuleveg.

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 29 vert det vedteke å sette opp skiltet 142 Barn med underskilt 1050 SKULE som varslar om veg korr barn ofte ferdast. Skilt vil bli satt opp i tråd med vedlagt skiltplan.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan - fareskilt barn - KV 1109 Ådlandsvegen

Mottakere:

Fau Grasdøl Skule

c/o Grasdøl skule 5918
Ådlandsvegen 323

FREKHAUG